

22 AUG. 1990

FISKERI RETTLEIAREN
I BREMANGER OG FLORA

ARSMELDING

1989

BREMANGER OG FLORA KOMMUNER

Side 2	-	Personalet	
"	3	- Fiskerinemndene si verksemd	"
"	4	- Fiskarmantalet i Bremanger	"
"	5	- Fiskarmantalet i Flora	"
"	6	- Fiskeflåten	
"	7	- Konesjoner i Fiskeflåten	
"	7	- Fiskeindustrien	
"	8	- Fiskeoppdrett	
"	9	- Fisket i 1989	

Vedlegg: Matfisk- og settefiskkonsesjoner i Bremanger og Flora.

FISKERIRETTLEIAREN I BREMANGER OG FLORA

ARSMELDING 1989

Fiskerirettleiaren har Bremanger og Flora kommuner som tenestekommuner. I perioden 1984-87 hadde kommunane Naustdal og Førde felles fiskerinemnd med Flora, og fiskerirettleiaren hadde i same periode utvida tenesteområde. Bremanger er kontorkommunen, men fiskerirettleiaren har fast kontordag i Flora kvar onsdag.

Kontoret i Bremanger er plassert i Sparebanken Flora-Bremanger sitt bygg på Hauge. I Florø har kontoret plass i Fokus Bank sitt bygg.

Personalet

Ved fiskerikontoret er det berre ein tilsett:

- Fiskerirettleiar Jon Frøyen .

FISKERINEMNDA I BREMANGER.

I møte i kommunestyret i Bremanger den 14. januar 1988 vart det foreteke fylgjande val til fiskerinemnd for perioden 1988-91:

Leidulv Lindvik, Bremanger - leiar.
Varamann Britt Midtbø,

Erling Førde, Bremanger - nestleiar
Varamann Klaus Langeland.

Paul Nygård, Skatestraumen.
Varamann Trygve Igland.

Peder Bakke, Bremanger.
Varamann Johan Nygård.

Kari Leirvik, Kjelkenes.
Varamann Arne Per Nygård.

FISKERINEMNDA I FLORA.

Fiskeridirektoratet har bestemt at Flora skal ha eiga fiskerinemnd med 5 medlemmer. I perioden 1984-87 hadde Flora felles fiskerinemnd med Naustdal og Førde. Ordninga med felles fiskerinemnd fungerte dårleg.

For perioden 1988 - 1991 er fylgjande valde:

Johan O. Nekkøy, Nekkøy, Florø - leiar.
Varamedl. Rune Nilsen.

Leidulv Grytten, Stavang. - nestleiar.
Varamedl. Odd Reksten.

Liv Espeseth, Tansøy.
Varamedl. Audhild Løkva.

Hjørdis Ulriksen, Batalden.
Varamedl. Svanhild Hamre.

Leif Lange, Rognaldsvåg.
Varamedl. Steinar Nekkøy.

FISKERINEMNDENE SI VERKSEMD.

BREMANGER:

Fiskerinemnda i Bremanger hadde i meldingsåret 1 møte og handsama 16 saker. I 1988 handsama nemnda ialt 24 saker. Arsaka til den låge aktiviteten i nemnda dei 2 siste år er at fiskarane i kommunen viser liten interesse for å fornye og vedlikehalde flåten. I 1989 var det ingen i Bremanger som søkte Statens Fiskarbank om fartylån til nybygg.

Av saksmengda fell mesteparten på havbruksnæringa. Enkle og kurante saker vert handsama administrativt og referert for nemnda. I tvilstilfelle vert det konferert med formannen og den enkelte medlem.

FLORA.

Fiskerinemnda i Flora hadde 2 møter og handsama 26 saker. Ein del rutinesaker og andre saker som vart handsama administrativt vart referert for nemnda. I 1988 hadde nemnda 44 saker til vurdering.

For oppdrettsnæringa hadde nemnda 7 saker til vurdering. Dei fleste var søknader om flytting og utviding av eksisterande oppdrettsanlegg.

Fiskeridirektoratet har gitt fiskarar frå Flora ervervsloyve for 2 nye 70 fots notf- og garnfarty. Båtane er tilsaman kostnadsrekna til 28 mill. kroner. Det er søkt Statens Fiskarbank om lån, men banken er foreløpig negativ til dei 2 prosjekta.

FISKARMANNTALET.

Sysselsatte i fiske fordelt på eineyrke (blad B), biyrke (Blad A) og aldersfordeling pr. 31.12.1988 og 31.12.1989.

Forklaring til tabellene

Aldersgrupper:

< 20 betyr f.o.m. 15 år - t.o.m. 19 år
< 30 " " 20 " " 29 "
< 40 " " 30 " " 39 "
< 50 " " 40 " " 49 "
< 60 " " 50 " " 59 "
< 67 " " 60 " " 66 "
< 70 " " 67 " " 69 "
>>> " " 70 " og eldre

BREMANGER 1988

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	1	1	9	12	20	20	36	99
Blad B	6	54	38	31	38	25	2		194
Totalt 1988									293

BREMANGER 1989:

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	1	.	5	13	21	18	33	91
Blad B	8	37	38	28	37	22	4	.	174
Totalt 1989									265

1989 blad A: 91 (- 8)

1989 blad B: 174 (-20)

Som tabellen viser er talet på personer i Bremanger som har fiske som eineyrke 174. Det er 20 færre enn fjoråret. På blad A er det 1 mindre enn året før. Dei fleste på blad A er personer over 60 år som tidlegare hadde fiske til hovednæring.

Det er grunn til uro over utviklinga. Det er dårleg rekruttering til yrket og gj. alderen for fiskarane aukar år for år.

I meldingsåret vart 7 personer tekne opp på blad B i manntalet, det er det same som året før.

FISKARMANNTALET - FLORA KOMMUNE.

Sysselsette i fiske fordelt på eineyrke (blad B), biyrke (blad A) og aldersfordeling pr. 31.12.1988 og 31.12.1989.

Forklaring til tabellane på side 4.

FLORA KOMMUNE 1988:

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	.	4	3	5	12	7	14	45
Blad B	12	35	31	25	12	18	2		135
Totalt 1988									180

FLORA 1989:

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	.	4	2	7	10	8	12	43
Blad B	8	36	30	23	15	17	1		130
Totalt 1989									173

1989 blad A: 43 (-2)

1989 blad B: 130 (- 5)

Tabellen viser at talet på personer som har fiske som eineyrke (blad B) er 5 mindre enn året før. Talet på biyrkesfiskarar (blad A) er 2 mindre. Dei fleste på blad A er personar over 60 år som tidlegare hadde fiske som hovednærin.

I meldingsåret vart 9 personer tekne opp på blad B i manntalet. Det er 1 mindre enn året før.

FISKEFLÅTEN.

Merkeregisterdata 1989.

BREMANGER KOMMUNE.

	Ant. fartøyer.		
	Status pr.31.12.89	Avgang	Tilgang
0,0 - 4,9 M.	15	1	
5,0 - 9,9 M.	276	27	2
10,0 - 14,9 M.	13	1	0
15,0 - 19,9 M.	1		
20,0 - 29,9 M.		0	0
Over 30 M.	5	1	1

Totalt:	310		

=====
 Fiskeflåten i Bremanger tel 5 farty over 30 m. Dette er 4 bankline- og 1 ringnotfartøy. Fartygruppa mellom 20 og 30 m. var svært stor før, men er no heilt ute. I kommunen er det ein stor flåte av sjarker og opne båter under 10 m. Storparten vert nytta svært lite til fiskeri. Investeringsaktiviteten i kystflåten varierer i takt med lønsemda og med torskefisket på Bremangerpollen. Feilsleige fiske og låge prisar i kombinasjon med minkande resursar i havet er årsaka til at fiskarane i Bremanger ikkje viser interesse for utskifting eller fornying av flåten.

Merkeregisterdata 1989.

FLORA KOMMUNE:

Lengde i M.	Ant. fartøyer		
	Status pr.31.12.89	Avgang	Tilgang
0,0 -4,9 m.	20		
5,0 -9,9 m.	230		
10,0-14,9 m.	15	1	
15,0-19,9 m.	6	1	1
20,0-29,9 m.			
Over 30 m.	2		

Totalt:	273		

=====
 I Flora er det 250 registrerte fiskefartøy under 10 m. Dette er for det meste einmannsbåter som periodevis driv kyst- og fjordfiske. Mellom 10 og 20m. er det 21 farty. Dei fleste av desse er storsjarker, dvs. med eit mannskap frå 2 til 4 mann som driftar med garn på kysten av Sogn og Fjordane, Møre og i Lofoten. Nokre av denne gruppa er kystnotbåter som driv etter sei, makrell, sild og brisling, enkelte også med torskegarn om vinteren. Det er 2 ringnotfarty over 30 m. i Flora.

KONSESJONSBILDET FOR KOMMUNANE.

Talet på farty som har konsesjon / løyve for eit bestemt fiske:

	Trål	Ringnot	Brisling	Drivgarn laks
Bremanger	0	1	1	15
Flora	0	2	5	0

Utfrå bestandsmessige omsyn, vart drivgarnsfiske etter laks forbode frå 1/1.1989. Bremanger hadde 15 konsesjoner for dette fisket.

FISKEINDUSTRIEN:

	Fryseri m/foredl.	Mottakstasj. og pakking	Hermetikk- fabrikk
Bremanger	2	3	0
Flora	2	2	0

Fiskeindustrien hadde stabile arbeidstilhøve i 1989. Råstofftilgangen var totalt sett, noko større enn året før, og det er nordsjøsilda, makrellen og oppdrettsfisken som sier positivt ut. Sysselsettinga i foredlingsleddet har ikkje endra seg særleg siste året. I Flora kan ein vente auka syllselsetting i fiskeindustrien. Bremanger Fryseri i Bremanger er no i arbeid med ei ny og omfattande utbygging. Fiskeindustrianlegget skal byggjast ut for å verta eit meir rasjonelt anlegg med sild, makrell og laks som hovudproduksjon, og med ein vesentleg auke i mottakskapasitet og plass. Utbygginga vil sikre framtida for Bremanger Fryseri. Innfrysings- og fryselagerkapasiteten blir også vesentleg auka, og for dei tilsette vil utbygginga føre til meir stabile arbeidstilhøve.

Ewos kom i gang med produksjonen i den nye fiskeforfabrikken i Florø. Fabrikken i Florø er ei investering på nærare 100 millioner kroner, og har ein årleg produksjonskapasitet på 30.000 tonn. 28-30 personar arbeider ved fabrikken, der produksjonen går på 3 skift.

Råstofftilgangen frå kystfiskarane til dei mindre fiskemottaka er på vei nedover. Feilslege kystfiske er årsak til nedgangen.

FISKEOPPDRETT:

For å drive med fiskeoppdrett må ein ha løyve/konsesjon. I Bremanger er det 7 konsesjoner for oppdrett av matfisk av laks og aure i sjøen. I Flora kommune er det 5. Dei fleste har konsesjon for 12000 m3 merrevolum. Det vart i 1989 ikkje utdelt nye matfisk-konsesjoner.

Vidare er det i Bremanger 11 anlegg som har konsesjon for ein årleg produksjon av tilsaman 2.290.000 stk. sjødyktig settefisk av laks og aure. I Flora er det 7 anlegg med konsesjon for ein årleg produksjon av 1.750.000 stk. settefisk.

Oppdrettsnæringa har vore sterk utvikling og vekst i begge kommunane, men Flora har auka mest.

Oversikt over leveranser av laks og aure frå oppdrettsanlegg i Bremanger og Flora i 1988 og 1989:

	Ant. anlegg	Laks (tonn)	Aure (tonn)	Verdi mill kroner
Bremanger 1988	7	1.687	313	73,9
Bremanger 1989	7	2.575	362	86,6
Flora 1988	5	1.504	137	59,1
Flora 1989	5	2.860	52	88,0

Av dei største oppdrettskommunane i landet i 1988 kom Bremanger som nr.7, og Flora som nr.13. I 1989 kom Flora som nr.6 og Bremanger som nr.7. I Flora er produksjonen av laks nesten dobla på eitt år.

Ein manglar oversikt over settefiskproduksjonen i kommunane.

Prisane på laks var betydeleg lågare enn året før. Oppdrettarane i Flora kommune hadde likevel eit økonomisk godt år. Grunnen til det gode resultatet er lite sjukdom og god drift. Flora unngjekk dei heilt store sjukdomutslaga som har dukka opp både i nord og sør. I Bremanger var sjukdom på fisken eit problem for dei fleste. Overproduksjon i næringa, låge priser og sjukdom på fisken var årsak til at oppdrettarane i Bremanger kom dårleg ut økonomisk i 1989.

I 1989 var det god og rikeleg tilgang på settefisk (smolt) av tilfredstillande kvalitet.

For oppdrettsnæringa i Flora og Bremanger er det viktig å få utbygt faglege tenester for overvaking av miljø og helse, og at det vert etablert eit mottakarapparat for død fisk.

FISKET 1989.

I det store og heile kan 1989 oppsummerast som eit varierende driftsår for fiskarane i Flora og Bremanger. Mange har gjort det bra, andre har det gått dårlegare med, alt etter driftsform og båtstorleik. Torskestoppen nord for 62 N medførte redusert fiske.

Kystisket med line og garn:

Vinterfisket etter torsk var også i år mislukka i vårt distrikt. Lofotfisket var det dårlegaste i nyare tid, og det gav sjølvsaqt utslag også for våre fiskarar. Linefisket etter lange og brosme på Kysten var også under middels, og det same kan seiast om garnfisket etter desse artane. Utviklinga innan garn og linefisket på Kysten viser trekk som gjev grunn til uro. Fiskeresursane synes å verte mindre for kvart år og det er svært vanskeleg å kunne halde ei rimeleg bra årsinntekt for den einskilde fiskar i kystfiske. Tradisjonelt viktige fiskearter for kystfiskarane som det minskar på er torsk, lyr, sei, lange og og brosme. Berre laks er det forholdsvis mykje av, men det hjelper lite. For kystfiskarane i Bremanger var det stort økonomisk tap at drivgarnsfiske etter laks vart forbode.

Banklineflåten:

For banklineflåten har driftstida nordafor vorte mindre, og dei har drive tilsvarande lenger i EF-sona, på grunn av torskestoppen og reduksjon i torskefisket. Nedgang i fangstmengd har redusert lønsemda, men resultatet vart likevel brukbart.

Kystnot:

Første halvår var godt, både med sei og sild. Makrellfisket gjekk i år føre seg lenger nord enn tidlegare, med godt resultat.

Brislingførekomstane var store, særskilt i Sogn. Sjølv om resultatet av dette fisket var brukbart, kunne det vorte endå betre om mottakskapasiteten hadde vore større.

I andre halvår var det ikkje seifiske, og så godt som alt kystfiske vart hindra av mykje uver.

Ringnotflåten:

Ringnotflåten hadde pga. auka prisar til fabrikk og større del av fangstane levert til konsum, eit betre resultat enn dei siste år. Makrellsesongen blei om ein held seg til gjennomsnittet relativt vellukka med gode prisar til konsum og bra prisar også til oppmaling, men for sild har ein ikkje hatt same trenden som for makrell.

Prisane har blitt hengande etter og har ikkje kome opp på det nivå ein hadde vona på.

OPPDRETTSKONSESJONER I BREMANGER KOMMUNE.**LAKS OG AURE:**

SF/b 2	K. Strømmen Lakseoppdrett, A/S Rugsund	8000 m3
SF/b 3	Davik Fiskefarm, Davik	6000 m3
SF/b 4	Brema Laks A/S, Bremanger	12.000 "
SF/b 9	Frøylaks A/s, Kalvåg	12.000 "
SF/b 10	Henøy Laks A/s, Berle	12.000 "
SF/b 14	IGA FISK A/s, Rugsund	12.000 "
SF/b 15	Bremanger Havbruk A/s, Bremanger	12.000 "

SETTEFISKKONSESJONER I BREMANGER:

SF/b 2	K. Strømmen, Rugsund	90.000 stk.
SF/b 3	Davik Fiskefarm A/s	100.000 "
SF/b 5	Brema Smolt A/s (Dalen + Rylaand)	300.000 "
SF/b 6	Henøylaks A/S,, Berle	25.000 "
SF/b 7	Ålfoten Klækkeri og Settefisk A/S	500.000 "
SF/b 8	Endal Settefisk A/S, Davik	150.000 "
SF/b 11	Solbøfisk, Rugsund	75.000 "
SF/b 12	Bortne Settefisk	300.000 "
SF/b 13	Botnane Fiskeoppdrett A/S	500.000 "
SF/b 16	Førdefisk A/s, Ålfoten	300.000 "
SF/b 17	Leirafisk A/s, Leirgulen	200.000 "

KONSESJON FOR OPPDRETT AV SJØRØYE I BREMANGER:

Fjord oppdrett A/s, Davik 600 m3

SKALDYRKONSESJONER I BREMANGER:

SF/b 301 Arvid Nybø, Rugsund. Løyve til dyrking av blåskjell på eit areal som ikkje må overskride 4 dekar i Kråkevik.

TORSK:

Hunskår Fiskefarm	1000 m3
Steinar Hammersvik, Davik	1000 "

OPPDRETTSKONSESJONER I FLORA**LAKS OG AURE:**

SF/f 1	E. Karstensen Fiskeoppdrett A/s, Batalden	12.000 m3
SF/f 3	Svanøy Stiftelse, Svanøy	12.000 "
SF/f 5	Rognaldsvåg Fiskemottak	12.000 "
SF/f 6	Steinvik Fiskeoppdrett A/S, Eikefjord	12.000 "
SF/f 7	Marø Havbruk A/S, Svanøy	12.000 "

SETTEFISKKONSESJONER I FLORA:

SF/f 2	Osen Klekkeri og Settefisk	35.000 stk.
SF/f 3	Svanøy Stiftelse	20.000 "
SF/f 10	Svanøy Stiftelse	100.000 "
SF/f 4	Bru Fiskeoppdrett A/s, Eikefjord	150.000 "
SF/f 8	Haukå Settefisk A/s	500.000 "
SF/f 9	Firda Settefisk A/s	400.000 "
	Barlingbotn Settefisk A/s	500.000 "

LØYVE TIL OPPDRETT AV TORSK - FLORA KOMMUNE:

Eikefjord Fiskeoppdrett, Eikefjord	3000 m3
Lillevik Fiskeoppdrett, "	1000 "
Leirdal Fisk A/S, Tansøy	1000 "

LØYVE TIL YNGELPRODUKSJON AV TORSK OG KVEITTE, FLORA KOMMUNE;

Trygve Strømmen, Florø. 250.000 stk. yngel/settefisk.

SKALDYRANLEGG FLORA:

SF/f 301. Veiesund Østers/blåskjell og fiskefarm, konsesjon for blåskjell og østersdyrking på eit areal som ikkje må overskride 4 dekar lokalisert til Bogøya-Veiesund.

SF/f Standal Skjell A/S - 4 dekar lokalisert til Standal.

Retta 31/12.1989.